



Sunnfjord  
kommune

# Årsplan 2023–2026

## Vieåsen barnehage



## Innhald

Einingsleiar har ordet.....	3
Presentasjon av barnehagen.....	4
Visjon for barnehagen .....	4
Om barnehagen .....	4
Barnehagen sitt verdigrunnlag.....	11
Satsingsområde for barnehagen 2023–2026.....	13
Fagområder frå rammeplanen til barnehage.....	16
Medverknad.....	21
Barn.....	21
Foreldresamarbeid .....	22
Tidleg innsats .....	22
Overgangar.....	23
Når barnet startar i barnehagen .....	24
Overgangar i barnehagen .....	24
Overgang mellom barnehage og skule.....	24
Samarbeid .....	25
Samarbeid internt i barnehagen .....	25
Samarbeid med eksterne instansar.....	25
Vurdering .....	26
Hendingar og markeringar i barnehagen .....	28

## **Einingsleiar har ordet**

Vieåsen barnehage vart starta som ein privat barnehage i 1987, og vart kommunal i 2008.

Årsplanen er eit arbeidsreiskap for personalet. Men den skal også gje foreldre og andre interesserte ei innsikt i korleis vi jobbar i Vieåsen barnehage.



Barnehagen vår har gode tradisjonar på å vere mykje ute i naturen, og oppsøkje vårt flotte nærmiljø. Vi har naturleikeplass i skogen nær barnehagen. Dagsturhytta «Gytta» er blitt ein ofte besøkt stad for barna.

Personalet likar å arbeide i prosjekt med ulike faglege tema. Vi har dei siste åra fordjupa oss i kunnskap om inkluderande barnehagemiljø og korleis fysisk aktivitet påverkar barn si positive utvikling. I 2023 har vi fått prosjektmidlar slik at vi kan fordjupe oss i teori om korleis vi skal hjelpe barnet i språkutviklinga. Personalet er den viktigaste kjelda til at barna skal oppleve Vieåsen barnehage som ein god stad å være. Vi legg vekt på at alle skal vere aktivt deltagande saman med barna og arbeide etter fastsette planar.

Du kan lese meir om dei formelle lovene og reglane barnehagen jobbar etter i Barnehagelova og Rammeplan for barnehagen.

Formelle utfyllande retningslinjer om barnehagens innhald og oppgåver finn du på barnehagen si heimeside:

[Sjå nettsida til Vieåsen barnehage](#)

**Sissel Elin Årdal**  
**einingsleiar**  
**Vieåsen barnehage**



## Presentasjon av barnehagen

- Ligg fint til i Vieåsen – sol heile året. Det er kort veg til skogen der vi har bygd naturleikeplass. I nærområde ligg fotballbane, sykkelbane, ballbinge og dagsturhytta Gytta.
- Sjå heimesida vår på Sunnfjord kommune si nettside.
- Fire avdelingar
  - Veslefrikk: 9 plassar i alderen 0-3 år
  - Tommeliten: 9 plassar i alderen 0-3 år
  - Tussero: 18 plassar i alderen 3-5 år
  - Askeladden: 18 plassar i alderen 3-5 år
- Ope heile året, barna må ta ut ferie tre samanhengane veker i perioden 1.juni til 1. september. Julafcta og nyttårsafta er barnehagen stengt. Onsdag i påskeveka stengjer vi klokka 12.00.
- Fem planleggingsdager i året – då er barnehagen stengt
- Vi brukar Visma som kommunikasjonsplattform til foreldra

## Visjon for barnehagen

«Vi tør, vi vil, vi kan!» og «Saman blir vi drivande gode»

## Om barnehagen

Alle avdelingar jobbar etter periodeplanane (sjå side 5) – dei blir gjort om til temaplakat, der det står meir spesifikt kva ein vil gjere ilag med borna den aktuelle månaden. Dei ulike fagområda blir vekta innanfor dei ulike periodane. Samspel, kommunikasjon og merksemd jobbar vi med i alle periodane.

[Sjå eksempel på ein temaplakat](#)

## Periodeplanar

### Periode 1 – Tema: Tryggleik

"Eg er meg. Kven er du?"

**Fagområde:** Alle i Rammeplanen

**Periode:** August – september



**Dette vil vi at barna skal få oppleve:**

- Ei god tilvenning
- Å bli sett, høyr og forstått
- Å bli kjent med kvarandre og dei vaksne
- Imøtekommande vaksne
- Kvart barn skal få oppleve at dei betyr noko
- Oppleve nære forhold til andre barn
- At alle barn skal ha lyst til å gå i barnehagen
- Bli kjent med eigen kropp (tal armar, bein, fingrar og tær)
- Bli kjende med dei ulike romma i barnehagen, i kva retning dei ligg
- Besøke skogsområdet i ulikt ver og ulike stemningar i skogen
- Utfordre seg sjøl til "neste steg"

**Korleis gjer vi dette:**

- Drama og songleikar
- Fysisk aktivitet – ute og i kjellaren
- Ha ein nær vaksen (primærkontakt)
- Barn og vaksne må nytte "sitt" sanseapparat godt.
- Samtale rundt familien, gjennom t.d. foto
- Har turar i smågrupper i området rundt barnehagen
- Innarbeide gode rutinar til dagleg gjeremål
- Opprette god foreldrekontakt – har oppstart samtale med nye foreldre
- Legge stor vekt på å bekrefte barna sine følelsar – det er lov å vere lei seg – sint – redd - glad. Vi skal vere større – sterkare – klokare enn barnet på ein god måte. Ikke ignorerer følelsane dei har



## Periode 2 – Tema: Gruppekjensle

"Saman er vi dynamitt"

**Fagområde:** Alle i rammeplanen

**Periode:** Oktober – November

### Dette vil vi at barna skal få oppleve:

- Skape gode relasjoner barna i mellom
- Oppleve å høyre til, ved å sette ord på ulike kjensler
- Glede seg saman
- Stimulere barn sin nyfikne veremåte ved forteljing
- Godta kvarandre – vi er alle ulike og unike
- Dei store avdelingane skal markere FN – dagen

### Korleis gjer vi dette:

- Dele barna inn i mindre grupper
- Ta opp det som opptek barna gjennom samlingar, samtaler, drama og forteljing
- Gje barna felles opplevelingar ved turar og aktivitetar – både planlagde og spontane
- Vi skal sette ord på kjensler gjennom samtaler, bøker og ulike dramaopplegg
- Dans, formingsaktivitetar og rørsleleikar
- Rose god atferd, til dømes når barna hjelper, deler, viser omtanke, takker og helser
- Bursdagsfest i kjellaren
- Vi brukar humor
- Aktive og inkluderande vaksne
- Leik og aktivitetar i kjellaren og gamma
- Vi fotograferer kvarandre og ser på likskap og ulikskap

### Markering i perioden:

- Feiring av barnehagen sin bursdag 2. november – vi feirer freda 1 november
- FN – dagen på Askeladden og Tussero

## Periode 3 – Tema : Gje borna ei oppleving av høgtid

" Vi koser oss best i stille stunder"

**Fagområde:** Alle i Rammeplanen

**Periode:** Desember

### Dette vil vi barna skal få oppleve:

- Juleforteljinga gjennom leik og aktivitet
- Skape stemning i avgrensa rom/tid
- Den største gleda vi kan ha, er å gjere andre glad

### Korleis gjer vi dette:

- Fortelje og dramatisere om jula
- Julesongar og leikar
- Tenne lys
- Adventssamlingar, nedteljing
- Førskulegruppa sitt Lucia opptog
- Adventskalendrar
- Minst 1 sjølvlagda julepresang
- Felles nissefest i kjellaren

### Markering i perioden :

- Nissefest
- Luciafeiring



## **Periode 4 –Tema: Uttrykksglede**

«Sjå på meg då!»

**Fagområde:** Alle i rammeplanen

**Periode:** Januar og februar

### **Dette vil vi barna skal få oppleve:**

- Gje barna aktive sanseopplevelinger
- Ha fokus på tal, rom og form gjennom bruk av digitale verktøy
- Vere i fokus
- Utvikle glede ved å bruke naturen til utforsking og kroppslege utfordringar
- Fortelje om karneval som tradisjon

### **Korleis gjer vi dette:**

- Tema i år er: Karsten og Petra
- Vi har ein karnevals Dag – der borna får kle seg ut i det dei sjølve vil (barns medverking) og ein temafest –Karsten og Petra – som vi jobbar grundig med – til denne festen skal ikkje barna komme utkledde
- Vi tek barna med ut i naturen / utflukter
- Lærer barna om dei ulike sansane og undrar oss over det som skjer i naturen
- Gjev barna ei kjensle av meistring gjennom å utfordre dei til å opptre for heile gruppa
- Ha rik tilgang til ulikt materiale for leik og formingsaktivitetar
- Ha utkledningsklede tilgjengeleg for barna
- Bruke ute tida og samlingar til å lære borna om mengde og måleiningar

### **Kva jobbar vi med i TRAS:**

- Språkforståing: gjenforteljing
- Samspel/kommunikasjon: sosiale speleregler
- Kommunikasjon: vitsar og gåter
- Ordproduksjon: og/men/fordi

### **Markering i perioden :**

- Utkledningsfest på avdeling – valfri kostyme
- Temafest – felles for Tussero og Askeladden i kjellaren



## **Periode 5 – Tema: Etikk i kvardagen**

"Alle er vi ulike"

**Fagområde:** Alle i rammeplanen

**Periode:** Mars og April

### **Dette vil vi at barna skal få oppleve:**

- Toleranse, interesse, og respekt for kvarandre og ulikskapane våre
- Fokus på former, tall og storleikar i vårt nærmiljø
- Rom for undring og filosofiske spørsmål
- Jobbe for at alle skal ha nokon å leike med
- Bli kjente med påskeforteljinga

### **Korleis gjer vi dette:**

- Barna skal få kjennskap til dans/musikk frå ulike kulturar
- Vere med-undrande med borna om ulikskapar hos menneske og i naturen elles
- Sjå former og størrelsar i naturen og nærmiljø, ute og inne
- Oppdage nytt liv i naturen, gjennom blant anna digital fotografering
- Materiale som gjev borna erfaringar med tal, rom og form
- Bruke kamera til å dokumentere former og storleikar
- Dramatisere påskeforteljinga

### **Markering i perioden :**

- Formidle påskeforteljinga
- Barnehagedagen



## Periode 6 – Tema: Kultur og tradisjon

"Kultur og tradisjon hand i hand"

**Fagområde:** Alle i rammeplanen

**Periode:** Mai og Juni

### Dette vil vi at barna skal få oppleve:

- Lære om merkedagar
- Synleggjere barnekunsten og barnekulturen
- Fokus på overgang (ny avdeling/skule)
- Gjere seg kjent med lokal kultur

### Korleis gjer vi dette:

- Bli kjent med bakgrunnen for merkedagar som til dømes  
8. mai, 17. Mai og 23. Juni
- Brukar internett for å innhente informasjon om merkedagane
- 6 - åringane besøker sin skule, og ser på dei respektive skulane sine heimesider
- Dei små som skal byte avdeling, besøker sine nye avdelingar
- Oppsøke kulturelle instansar og dokumentere besøka gjennom bilete

### Markering i perioden:

- Sommarfest



## Periode 7 – Tema: Sommarglede

»Friluft og aktivitetar i nærmiljøet«

**Fagområde:** Alle i rammeplanen

**Periode:** Juli

### Dette vil vi at barna skal få oppleve:

- Vere med å skape eit leikemiljø i sommarbarnehagen
- Delta på utflukter i nærmiljøet, fotografere
- Gjere barnehagen klar for nye barn
- Bruke digitale verktøy i planlegging og vurdering av temaveka

### Korleis gjer vi dette:

- Vektlegge aktivitetar som fremjar vennskap og leik
- Temaveka skal ha fokus på kultur og dokumenterast gjennom biletar
- Tilby turar til nærområdet, skogen og festplassen
- Legge til rette for vass leik og byggeleik på uteleikeplassen
- Barna skal delta på praktiske gjeremål for å gjere barnehagen klar til nytt barnehage år

### Markering i perioden:

- Felles avslutning av temaveka

## Barnehagen sitt verdigrunnlag

### Leik

Leik er barna sin viktigaste aktivitet og er ein svært sentral del av dagen i Vieåsen barnehage. Leiken er frivillig og styrt av barnet sjølv og den er grunnleggande for barn si læring og utvikling. Gjennom leiken lærer og utviklar barna seg intellektuelt, språkleg, fysisk, sosialt og emosjonelt.

### I Vieåsen barnehage skal

- alle barna ha nokon å leike med
- barna ha tid og plass til leik
- barna oppmuntrast til å nytte fantasi, kreativitet og førestellingsevna i leiken
- personale gje opplevelingar som kan stimulere fantasien i leiken
- personalet gje inspirasjon, delta og vere modellar i ulike typar leik

## Personalet skal

- gje støtte til dei som fell utanfor
- støtte opp i leik som fremjar sosial kompetanse
- dele i leikegrupper
- la barna få utforske, medverke og prøve ut idear i leiken

## Læring

Læring skjer i det daglege samspelet. Vi har eit heilskapleg læringssyn, som inneber at barna lærer best ved å nytte fleire sansar på ein gong. For oss handlar dette om å skape samanhengar på tvers av fagområda i barnehagen. Noko så enkelt som «eit eple» kan nyttast til å opne ei verd av sansing, undring og heilskapleg læring.

## I Vieåsen barnehage skal

- alle barn få være aktive i eigen læringsprosess
- barna få varierte opplevinga innanfor fagområda, men også gå i djupna på einskilde områder
- barn og vaksne være mykje i naturen
- barna kjenne meistring, få ros og positive tilbakemeldingar
- barna delta i praktiske gjeremål

## Personalet skal

- kjenne til barna sine utviklingssoner slik at barna oppnår progresjon
- arbeide med prosjektarbeid og samhandlingsoppgåver over tid som styrker samarbeidet, og gjev fart til omgrepsevna
- dele inn i aldersdelte grupper og samlingar ved behov
- repetera
- stille reflekterande spørsmål til barna på førehand, underveis og etterpå

## Omsorg og danning

Omsorg og danning i barnehagen handlar om å gje barna sjansen til å gi og ta imot omsorg frå kvarandre. I Vieåsen barnehage skal **nærleik, vilje til å lytte og innleving**, prege samarbeidet mellom barn og vaksne. Personalet skal gje barna rom for å vere seg sjølv og hjelpe barna til å følgje verdiar, normer og sosiale krav.

Vi har nulltoleranse for mobbing. Personalet jobbar med metodiske opplegg som førebygger mobbing. Som til dømes «Grøne tankar, glade barn», lese bøker om temaet, drama og prosjektarbeid. Vi skal undersøke alle tilfelle der barna sjølve, eller foreldre fortel at barnet ikkje har det bra.

Dersom vi oppdagar mobbing, arbeider vi ut ifrå plan for førebygging av mobbing, og tiltak når mobbing oppstår. Eit godt foreldresamarbeid er avgjerande for å lykkast i arbeidet mot mobbing.

**Danning** er ein kontinuerleg og dynamisk prosess. Vi blir den vi blir, med dei opplevingane, erfaringane og omsorg vi får. Det er som ein kopp som blir fylt opp av ulike ingrediensar, der koppen har sin fulle rett til å tømme ut det som ikkje passer. Danning handlar om å utvikle kunnskap, verdiar og haldningar saman, gjennom dialog – kor vi blir anerkjent som sjølvstendige menneske

### Personalet skal

- lytte til barna
- gje barna opplevingar
- sørge for at alle barn får vaksenkontakt kvar dag
- gje barn positive omtaler ved positive gjerningar
- ha kjennskap til korleis barna har det
- glede seg saman med barna



### Personalet skal bruke utviklingstøttande kommunikasjon der

- vi skal søke barnet si merksemd
- vi stadfester barnet sitt fokus
- vi venter på barnet sin reaksjon
- vi anerkjenner ønska åtferd
- vi setter ord på det som skjer
- vi presenterer personar, objekt og fenomen for barnet
- vi tek ansvar for avslutningar

## Satsingsområde for barnehagen 2023–2026

### Inkluderande barnehagemiljø

- Vi har gjennom prosjektet fått ny kunnskap og sett inn mange førebyggande tiltak. Men av og til oppstår det likevel situasjonar der barnet ikkje opplever barnehagen som ein trygg stad. Ny barnehagelov pr 01.01.2021, understrekar at alle tilsette har ei plikt til å gripe inn, viss eit barn ikkje har det bra og opplever krenkingar. Eksempel på dette kan vere utesetjing av leik og mobbing.

- Barnehagen skal lage ein skriftleg plan dersom det oppstår gjentakande krenkingar/mobbing. Vi skal her undersøke barnet si oppleving. Innhaldet i planen skal vere: kva er utfordringa, kva har barnehagen planlagt, når skal tiltaka gjennomførast, kven skal utføre tiltaka, når skal tiltaka evaluerast (jf. Barnehagelova)

### Dette har vi lært i prosjektet «Inkluderande barnehage miljø og førebygging av mobbing»:

- **Forstå mobbeomgrepet;** Kjenne omgrepet mobbing i barnehagen, forstå sosiale prosesser blant barn, kjenne til skadeverknadane som kan oppstå, kven som er utsett for mobbe prosesser, kva som kan drive fram slike handlingar og kven som kan utøve dette
- **Førebygging;** tidleg innsats, forståing og utøving av ei autoritativ voksen rolle (vaksne som setter krav på ein god og trygg måte), sosial kompetansetrening, samarbeid med foreldre
- **Tiltak;** Kunne kjenne igjen kva som kjenneteiknar mobbe åtferd, gripe inn på ein respektfull og profesjonell måte, gjennomføre samtaler med dei som er involvert - relasjonsbygging med høg kvalitet, til barna som er involvert i mobbeaktivitet

### Språkprosjekt

- Prosjektet skal sikre tidleg og god språkutvikling for barna i Vieåsen barnehage.
- Frå barnet startar som eitt år til det går ut av Vieåsen barnehage, skal barna møte eit stimulerande språkmiljø. Språkarbeidet skal bli meir systematisk gjennom at vi har gode verktøy for språkinnlæringa og personalet skal ha nok kunnskap.
- På småbarnsavdelingene bruker vi figurane **Babblarna.** Det er ulike lyddukke med fonologiske namn. Når barna lærer namna på figurane, lære barnet også å høyre forskjell på de forskjellige lydane i språket. Bablarna er med på å vekke nysgjerrigheita hos barnet og gir lyst til å utvikle språket. Når vi leikar med 'bablarna figurane', trener barnet aktivt på språklyda, språkmelodiar, uttrykk og grammatikk.

- **Snakkepakken** blir brukt i vår barnehage. Den er eit praktisk språkverktøy. Fortellingane og aktivitetane gjev barnet kunnskap om grunnleggande grammatikk, matte, rim, former, motsetningar, rekkefølge, mønstre, samansette ord og mykje meir.
- **Grip omgrep** er ein metodikk for strukturert omgrepsslæring som legg vekt på heilskapleg innlæring av omgrep. Ved å gå i djupna på eit omgrep om gongen lærer barna ein tilnærningsmåte som overførast også til andre omgrep.

## Actnow

Vieåsen barnehage var tiltaksbarnehage i eit prosjektet ACTNOW gjennom Høgskulen i 2021/2022. ACTNOW tyder Active Learning Norwegian Preschools Vi har auka kvaliteten på den fysiske aktiviteten og har blitt bevisst på at barn som unngår fysisk aktivitet skal bli oppmuntra til å delta. Barna på Tussero og Askeladden deltok i forskinga.

Personal på småbarnsavdelinga er også veldig opptatt av at barna skal vere aktive både ute og inne.

Dagsturhytta Gytta har vore medverkande til at barna får fysisk aktivitet med høg intensitet. Turar i nær området gjev gode høve til moderat til høg intensitet i aktivitetane. Vi har fotballbane og sykkelbane rett ved barnehagen som dagleg er i bruk til leik.

## Fagområde frå rammeplanen til barnehage

Alle fagområda blir arbeidd med i dei ulike satsingane som barnehagen har.



### Kunst, kultur og kreativitet

«Opplevelingar med kunst og kultur i barnehagen kan legge grunnlag for tilhørsle, deltaking og eige skapande arbeid» (Rammeplan 2017, s 50).

Fagområdet tek føre seg uttrykksformer innanfor musikk, dans, forming, drama, språk og litteratur. Dette er noko vi vil jobbe med på ulike måtar i Vieåsen barnehage.

#### Gjennom arbeidet med kunst, kultur og kreativitet skal barnehagen bidra til at borna

- tek i bruk fantasi, kreativ tenking og skaparglede
- blir støtta av vaksne, i si teikneutvikling
- lærer å uttrykke seg gjennom dans, drama, musikk og song
- blir styrka i eigen kulturell identitet og personleg uttrykk

#### Personalet skal

- legge til rette for teikning
- ha kunnskap om teikneutvikling
- gi borna høve til å bli kjende med kulturminne i lokalmiljøet
- legge til rette for tilgang til ulikt materiale
- være rollemodellar og inspirere barna til å utforske og delta i skapande verksemd
- vere lydhøyr, anerkjenne og respektere barna sin eigen tradisjonskultur og barnekultur

## **Etikk, religion og filosofi**

Etikk, religion og filosofi er med på å forme korleis vi oppfattar verda og menneska, og pregar verdiar, normer og haldningar". (Rammeplanen 2017, s. 54).

### **Gjennom arbeidet med etikk, religion og filosofi skal barnehagen bidra til at barna**

- tileignar seg og forstår grunnleggande samfunnsnormer og verdiar
- utviklar toleranse og interesse for kvarandre og vise respekt for ulik bakgrunn
- vise barna at det er mange måtar å forstå ting på, og leve saman på
- får innsikt i kristne høgtider og tradisjonar. Bli kjende med religionar og livssyn som er representerte i barnehagen.

### **Personalet skal**

- lage rom for undring og samtale om tankar som er filosofiske, essensielle og religiøse
- vise mangfaldet som er representert i barnegruppa og formidle litt om deira kultur/livssyn
- reflektere over verdskonfliktar i kvardagen, og ha eit bevisst forhold til korleis dette kjem til utrykk i arbeidet

### **Barna lærer å løyse konfliktar ved å**

- sette ord på og vise barna kva løysing dei kan velje
- omtale positiv åtferd (førebygging)
- observer
- ver nøytral og varm
- lytt til barna sine opplevingar

## **Kommunikasjon, språk og tekst**

Å utvikle språket er noko av det viktigaste som skjer i barnet sitt liv. Språket gjev identitet og tilhøyrande i eit fellesskap. Ved hjelp av språket lærer barnet også å forstå seg sjølv og omverda. Dette er heilt avgjerande for barnet si vidare utvikling, både intellektuelt, sosialt og emosjonelt (Rammeplanen 2017). Vi ønskjer å være ein barnehage med fleirkulturell pedagogisk teori og praksis. Barnas språklege og kulturelle bakgrunn har positiv innverknad på innhald, arbeidsmetodar og organisering.

### **Gjennom arbeid med kommunikasjon, språk og tekst skal barnehagen bidra til at barna**

- uttrykkjer kjensler, tankar, meininger og erfaringar på ulike måtar
- får bruke språket aktivt i leik og samspele, og såleis få eit variert ordforråd.
- improviserer, leiker og eksperimenterer med rim, rytme, lydar og ord.

### **.Personalet skal**

- vidareutvikle omgrepsforståing og bruke eit variert ordforråd.
- støtte barna i tidleg skriftspråkutvikling.
- ha kunnskap om språkleg og kulturelt mangfald.
- invitere til ulike type samtaler der barna får fortelje, undre seg, reflektere og stille spørsmål.
- hjelpe barnet til positiv dialog med andre.
- tilby høgtlesing kvar dag til alle barna og bruke Dialogisk lesing på utvalde bøker.
- Registrere i Tras-skjema som omfattar områda: Samspel, kommunikasjon, merksemd, språkforståing, språkleg merksemd, uttale, ordproduksjon og setningsproduksjon. Språkutviklinga kartleggast i høve TRAS-skjema, det året barnet fyller 2 år. Eiga kartlegging for barn under 2 år. Det skal settast i gang tiltak for barn som ikkje fyller sirkelen.
- sende skjema til den aktuelle skule ved skulestart, etter samtykke med foreldra

### **Mengd, rom og form**

Mengd, rom og form i barnehagen skal vere naturlege barnehageaktivitetar.

Personalet må gripe fatt i matematikken som allereie finst i leik og dagleg rutinar.

«Fagområdet handlar om å oppdage, utforske og skape struktur og hjelpe barn til å forstå samanhengar i naturen, samfunnet og universet» (Rammeplanen 2017 s. 53). Det er viktig å sjå kva kvardagen har å by på, og den vaksne må vere lyttande og merksam for barna sine matematiske uttrykk.

### **Gjennom arbeid med mengd, rom og form skal barnehagen bidra til at barna**

- opplever glede over det å utforske og leike med tall og former.
- tileignar seg gode og nyttige matematiske omgrep som er greie å bruke.
- erfarer, utforskar og leikar med former, storleikar og mønster. Gjennom å sortere og samanlikne.
- erfarer plassering og orientering og slik utviklar lokaliseringsevna.
- erfarer å bruke bøker, musikk, digitale verktøy, naturmateriale, leikar og utstyr for å bli inspirert til å tenke matematisk.

### **Personalet skal**

- la barna bli kjend med tal-rekka utifrå sitt modningsnivå.
- presentere ulike geometriske former (blant anna trekant, firkant og sirkel).
- motivere forskulebarna til å løyse oppgåver med små tall opp til 5
- jobbe med mengde og tall.
- spele ulike spel, øve på flytteteljing. Bruke bøker, musikk, naturmateriale, digitale verktøy til å inspirere barna til å tenke matematisk.

## Natur, miljø og teknologi

Barnehagen skal legge til rette for at barna kan få eit mangfald av naturopplevingar og få oppleve naturen som arena for leik og læring. Barnehagen skal legge til rette for at barna framleis skal være nysgjerrige på naturfenomen, føle tilhøyrslse til naturen og gjere erfaringar med å bruke teknologi og reiskapar»

(Rammeplanen 2017, s 52). I Vieåsen Barnehage skal barna vere mykje ute. På denne måten håpar vi å skape ei positiv haldning til friluftsliv og naturopplevingar. Det er viktig at barna blir kjent med miljøet rundt barnehagen, kva dette har å by på og korleis ein best mogeleg kan ivareta det.

### Gjennom arbeidet med natur, miljø og teknologi skal barnehagen bidra til at barna

- får lære om naturen
- får lære om årstidene
- får gode friluftsopplevingar i naturen
- får ei gryande forståing for korleis dei kan ta vare på naturen-berekraftig utvikling
- får kunnskap om dyr og dyreliv
- får lage konstruksjonar av ulikt materiale og utforske kva mogelegheiter reiskapar og teknologi kan by på

### Personalet skal

- legge til rette slik at fritidsaktivitetar og uteleik blir ein sentral del av barnehagedagen
- legge til rette slik at barna si naturlege undring blir ivaretake
- fortelje om naturfenomen og reflektere saman med barna om samanhengar i naturen
- innanfor teknologi ha fokus på samanhengar – eksempel reparere ting

## Kropp, rørsle, mat og helse

Rammeplanen seier–«Barnehagen skal leggje til rette for at alle barn kan oppleve rørsleglede, matglede, og matkultur, mentalt og sosialt velvære og fysisk og psykisk helse. Barna skal inkluderast i aktivitetar der dei får bevege seg, leike og samhandel med andre, oppleve motivasjon og meistring ut frå eigne føresetnader. Barnehagen skal bidra til at barna blir kjende med kroppen sin og blir bevisste på sine eigne og andre sine grenser» (Rammeplanen 2017, s 49)

### Gjennom arbeid med kropp, rørsle, mat og helse skal barnehagen bidra til at barna

- får bruke naturen som område for rørsle og meistring.
- får ein dag i veka der ein kan nytte bålhuset og bruke området rundt til aktivitetar.

- får bruke kjellaren (gymsal) til faste tider – der skal vi ha planlagde aktivitetar som stimulerer motoriske ferdigheiter.

### **Personalet skal**

- vere aktivt deltagande i barna sin motoriske aktivitet, og utfordre barna sine motoriske ferdigheiter utifrå modningsnivå.
- bidra til at barna utviklar eit bevisst forhold til retten å bestemme over eigen kropp, og respekt for andre sine grenser.
- tilby eit sunt og variert kosthald, med minimal bruk av sukker.
- gje barna kjennskap til kor maten kjem frå.
- involvere barna i matlaginga og legge til rette for læring.

### **Nærmiljø og samfunn**

Gjennom dette fagområdet får barna kjennskap til nærmiljøet og lokalsamfunnet i Førde by. Barnehagen har personale som er flinke til å finne nye plassar og utnyttar moglegheiter som finst i nærmiljøet.

Rammeplanen legg vekt på at dette fagområdet gir barna det første skritt på vegen til å vekse opp i eit demokratisk samfunn. Personalaet legg til rette for at barna får medverke til innhaldet i barnehagedagen. Slik lærer dei at det nytta å delta og engasjere seg.

Kulturelt mangfold, ulike levemåtar og forskjellige familieformer.

### **Personalet skal**

- lære barna om kjennemerker i nærmiljøet.
- gje barna like høve, fremje likestilling og motverke diskriminering, fordømmer, stereotyper og rasisme.
- synleggjere barnehagen gjennom besøk/tilstellingar/media oppslag som gjev positiv merksemd til barna si verksemd.
- praktisere enkle demokratiske verktøy i arbeidet med barna.
- gje barna gryande kjennskap til kor viktige menneskerettigheter er, særleg barnekonvensjonen.



## Medverknad

### Barn sin medverknad

«Barnehagen skal sikre barn sin rett til medverknad ved å leggje til rette for og oppmuntre til at barna kan få gitt uttrykk for kva dei synest om den daglege verksemda i barnehagen» (Barnehagelova §§1 og 3, Grunnlova § 104 og FNs barnekonvensjon art.12.nr.1). Med andre ord har barna ein sterk rett som får konsekvensar for korleis vi leggje til rette det pedagogiske tilbodet i barnehagen.

Barnehagen skal vere bevisste på dei ulike uttrykksformene til barna og leggje til rette for medverknad på måtar som er tilpassa alder, erfaringane, dei individuelle føresetnadane og behova til barna.

Dei minste barna kommuniserer med andletsuttrykk, blikk, mimikk, bevegelsar, lyd og ord. Vi vaksne observerer og fortolkar desse uttrykka, responderer og spelar vidare på barna sine initiativ.

Dei eldste barna formidlar same signal, men har eit sterkare verbalt språk. Vi skal lytte til det barna har å fortelje til fellesskapet, eller i dialogar. I slike samspelprosessar skal vi saman undre oss over tankar, idear og meningar. Alle skal føle seg verdifulle.

**Medverknad tyder at barna i fellesskap med andre barn og vaksne skal planlegge og vurdere barnehagekvarldagen.**

**Personalet skal arbeide etter felles prinsipp som er vedteke i Sunnfjord kommune der**

- barna skal oppleve at dei er med å påverke eigen kvardag
- barna skal verte tekne med på råd, planlegging og vurdering
- barna skal bli møtt av vaksne som er opne for barn sine innspel, og vise evne til å lese og tolke barna sine signal
- barna skal ha rett til å utfalde seg sjølv, men samtidig lære å ta del i fellesskapet

## Foreldre sin medverknad

Vi skal ha nøgde foreldre i Vieåsen barnehage. Foreldre kan komme med ønskjer om endringar gjennom foreldre kontaktar i samarbeidsutvalet eller direkte til personalet. Ein kan vere med å påverke opphaldet til eigne barn, den daglege drifta, samt innhaldet i barnehagen (§ 1 i lov om barnehagar)

### Vieåsen barnehage har desse møteplassane for foreldre:

- Samarbeidsutvalet – fire foreldre, to personale og ein eigarrepresentant. Det er val ein gang i året. Det er eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ.
- Foreldremøte – arrangert av barnehagen to ganger i året
- Foreldresamtaler – to ganger i året. Vi har fleire samtaler om det er behov. Pedagogisk leiar kallar inn
- Daglig kontakt i bringe – og hentesituasjonen
- TIBIR – foreldrerådgjeving. Barnehagen har rådgjevar som tilbyr rettleiing til familiar som ønskjer betre samarbeid med eigne barn

Sunnfjord kommune gjennomfører brukarundersøking kvart andre år. I denne undersøkinga skal foreldra evaluere tilbodet dei har i Vieåsen barnehage.

### Samarbeidsutvalet barnehageåret 2023/2024

- Solveig Bringeland – Tommeliten
- Cecilie Brendehaug Rysjedal – Askeladden
- Fredrik Johansen Dørmænen – Veslefrikk
- Steffen Herstad - Tussero

## Tidleg innsats

Mål: vi skal gje borna tidleg hjelp og støtte. Dette er i tråd med Sunnfjord kommune si satsing på «Tidleg innsats til det beste for barna».

Barnehagen nyttar ulike metodar for observasjon og kartlegging. Vi nyttar Trasskjema (tidleg registrering av språk) og skriftelege observasjonar av motorikk og sosial kompetanse. Når vi blir merksame på born som strevar, drøfter vi dette med foreldre. Vi set i verk tiltak som kan vere til dømes leikegrupper eller språkgrupper.

Sunnfjord barnehagane har rådgjevarar med kompetanse i rådgjevingsmodellen TIBIR. Dette er tideleg innsats for barn i risiko. I Vieåsen barnehage er det Sissel Elin – einingsleiar – som er rådgjevar. Rådgjevar kan gje rettleiing til foreldre ved utfordringar i samarbeid med eigne barn. Ta kontakt med personalet om de ynskjer rettleiing.


## Tryggleikssirkelen

Personalet har fått opplæring i denne måten å tenkje på når det gjeld å fremje tryggleik og samspel i barnehagen.

Opp i sirkelen handlar det om barnet sine behov når det lærer å utforske verda. Vi skal passe på dei, sjå, glede oss, hjelpe og ha det fint i saman med barnet.

Nede i sirkelen dreier det seg om barnet sitt behov når det treng nærleik eller hjelp med kjensler. Vi skal beskytte, trøyste, vise godheit og organisere kjensler.

Personalet skal fungere som ein «ladestasjon» for barnet. Der vi skal være **større, sterkare og modigare enn barnet**. Når det er mogleg følg barnet sitt behov, når det er nødvendig skal vi ta styringa.



**Alltid vere STØRRE, STERKARE, KLOKARE OG GOD**

Når mogleg: FØLG BARNET SITT BEHOV

Når det er nødvendig: TA TAK/LEIING

## Overgangar

### Når barnet startar i barnehagen

Opptaket er ferdig i april. Vi har eit foreldremøte i juni med informasjon om barnehagen og høve til å stille spørsmål. Det er ein besøksdag i juni, barn og foreldre får sjå avdelinga.

Før barnehage oppstart i august sender foreldra inn informasjon og bilde av barnet.

Alle barna får ein primærkontakt, dette er for å sikre at barnet knyter seg til vaksne i barnehagen.

Foreldra er i barnehagen dei tre første dagane, vi avtaler med foreldra etter kvart.

Barnehagen bruker **appen Visma for føresette** som informasjonskanal til foreldra. Vi legg ut blider i dagboka og skriv meldingar/beskjedar. Viss barnet har fråvær, legg foreldra dette inn i Visma. Foreldra får tilgang når barnet startar i barnehagen.

### Overgangar i barnehagen

Vi har to småbarnsavdelingar i alderen null til tre år. Barna blir flytta over på stor avdeling det året dei fyller tre år. Vi legg opp til at barnet i forkant får besøke avdelinga og bli kjent med sin primærkontakt og ei gruppe barn.

Pedagogisk leiar på ny avdeling deltek på siste foreldresamtale på småbarnsavdeling.

Det hender at vi flytter barn mellom dei store avdelingane, på grunn av samansetninga av gruppa. Dette blir drøfta med foreldre.

### Overgang mellom barnehage og skule

Barnehagen har **førskulegruppe** ein gang i veka, der Askeladden og Tussero er ilag. Sentrale stikkord er **tryggleik** og **meistring**. Vi legg vekt på å lære barna ferdigheter som er viktige i eit sosialt fellesskap. Vi vil lære dei omgrep og førebu dei på situasjonar som barna vil møte i skulen. Vi skal ikkje drive undervisning, men la borna oppleve skuleførebuande aktivitetar gjennom leik med tal, bokstavar, mengde, form, rytme, språk og lyd.

Foreldre får utdelt planar på førskulegruppa som fortel meir om korleis ein jobbar med måla.

Ved siste foreldresamtale før barnet tek til på skulen, går ein gjennom barnet sin trivsel og utvikling frå barnehagen og forventningar til skulestart. Desse opplysningane blir ført i eige skjema og overført til skulen ilag med Tras – skjema.

Førskuleborna besøker sine respektive skular saman med personalet.

Foreldra til barn med nedsett funksjonsevne har eigne møter med sin skule, der einingsleiar og pedagogisk leiar deltek.

Pedagogane deltek på samarbeidsmøte med skulen i november. Fokuset på dette møte er at barnehage og skule skal få til ein god overgang. Det er utvikla eit pedagogisk opplegg som heiter «Frode laks». Barnehagen brukar dette i førskulegruppa. Det omhandlar songar og eventyr som dei vil treffe igjen når dei startar på skulen.



## Samarbeid

### Samarbeid internt i barnehagen

Vi jobbar ut ulike planar ilag på tvers av avdelingar, vi har personalmøte for alle tilsette, pedagogisk leiar møte og planleggingsdagar.

### Samarbeid med eksterne instanser

#### **PPT – Pedagogisk psykologisk tenestekontor og kompetansteam**

- samarbeider vi med dersom foreldre og personale har behov for rettleiing.
- kartlegg barnet sine vanskar og behov, dersom foreldre og personalet er bekymra for barnet si utvikling.

#### **Barnevernet er ein samarbeidsinstans for foreldre og barnehage og kan gje tilbod om:**

- Foreldrerådgjeving

- Avlastning i besøksheim, støttekontakt, tilbod om aktivitetar i fritid/ferie
- Drive tverrfagleg samarbeid og bidra til at barna sine interesser vert ivareteke i barnehagen og hos andre instansar

**BTI - Betre tverrfagleg innsats** skal sikra at barn og unge får den oppfølginga og hjelpe dei treng gjennom eit samarbeid mellom familien og kommunen. Årsaka til oppfølging kan vere av ulik grad, men arbeidet med å komme fram til ei løysing skal vere lik. Sunnfjord kommune brukar difor samhandlingsmodellen BTI i sitt arbeid.  
[Link til Sunnfjord kommune si side](#)

## Vurdering

For å sikre ei god pedagogisk verksemd må vi vurdere vår eigen praksis og borna sitt tilbod kontinuerleg. Å vere i leik og samspel med borna er den viktigaste informasjonskjelda vi har om enkeltbarn og dynamikken i gruppa. Det vi ser og det barna uttrykker legg grunnlaget for vurderingsarbeidet vårt. Systematiske vurderinger skjer på møta våra, med mål om fagleg og etisk refleksjon som heile personalgruppa skal vere involvert i. Vi har laga oss system for observasjonar og samtaler med born. Dette for å sikre oss at alle skal ha det godt sosialt og fungere godt i relasjonar til andre.

## Dokumentasjon

### Vi dokumenterer igjennom

- bilde.
- praksisforteljingar.
- temaplakat og dagbok i Visma – appen.
- barneteikningar.
- permén min.

For at dokumentasjon som vi nyttar skal tene hensikta om å vurdere og vidareutvikle den pedagogiske praksisen vår, dokumenterer vi naturlegvis aktivitetar og opplevingar i barnehagruppa. I løpet av barnehagetida skjer det mykje i barn sine liv, og vi skal dokumentere spesielle livshendingar, milepålar og emosjonelle erfaringar som er viktig for det enkelte barnet.

### Vi dokumenterer for å

- vurdere barn sin trivsel og utvikling.
- kunne utvikle barnehagen sin pedagogiske praksis og styrke personalet sin kompetanse i møte med barna.
- gje informasjon til foreldre, lokalmiljø og kommunen.

## Praktisk informasjon

### Klede og sko

Foreldre må til ei kvar tid passe på at barna har ekstra klede til skift. Merk kleda med barna sitt namn. Hald orden i barna si hylle. Barna bør ha sandalar eller tøflar inne.

### Sjukdom

Dersom du av helsemessige årsaker ikkje ønskjer at barnet skal vere ute i løpet av barnehagedagen, så må du i kvart tilfelle ringe og avklare dette med personalet på avdelinga.

### Hente/bringe situasjon

Den viktigaste kontakten mellom foreldre og personalet er den daglege kontakta garderoben. Alle barn og foreldre skal møtast når dei kjem, og skal takast avskjed med når dei blir henta.

### Henting må skje innan klokka 16.30

Vi ber om at de hentar borna dykkar i så god tid at de er ute av barnehagen til 16.30.



## Hendingar og markeringar i barnehage



**6 . februar**

**9. februar**

### Vinter

Samefolket sin dag – Tussero og Askeladden markerer den  
Utkledningsfest – avdelingsvis



**8. mars**

**16. mai**

### Vår

Temafest – Karsten og Petra  
Tussero og Askeladden ansvarlige

Går i tog i barnehagen



**juni**

**6 Juni**

### Sommar

Sommaravsluting med foreldre  
Gammefest – samarbeidsutvalet  
arrangerer

Avslutning for skulestararane ein  
ettermiddag i barnehagen

---

## Haust

1. november



Barnehagen sin bursdag – 37 år

## Vinter

13 desember

Luciatog for førskulebarna

17 desember

Nissefest – Olin ansvarlig